



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 06.08.2019  
Vår ref: 2019/14623  
  
Dykkar dato: 09.07.2019  
Dykkar ref: 19/1702

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## **Uttale - Lindås - 124/30 - Kjeilegavlen - utlegging av flytebrygge - dispensasjon**

Vi viser til brev frå kommunen datert 09.07.2019. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet i langs sjø, samt frå føremåla bruk og vern av sjø og LNF-føremålet for utlegging av flytebrygge i knytt til steinkai på eigedom gbnr. 124/30.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen/reguleringsplan og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Slik vi forstår saka skal tiltaket gje båtplass til tre nye hytter, medan det samstundes er 6 båtfeste-rettigheitar i eksisterande kai. Tiltaket er totalt 12 x 8,5 med uteliggare. Fylkesmannen vurderer tiltaket som stort utan at det gjer ordna forhold for heile området for båtfesterettar. Som ein dispensasjon er det eit stort tiltak når vi ser kva kommuneplanen opnar for andre stader. Her søker ein om tiltaket utan ein planprosess. Både storleiken, prosessen og at det ikkje ryddar i alle båtfesterettane er vesentleg for at vi er negative til tiltaket, sjølv på denne staden. Dette kan føre til uheldig presedens ved liknande søknader i området.

Fylkesmannen er kritisk til dispensasjon i denne saka og vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing



Svein Kornerud  
fagdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar